



Kristian Totland
Seimsstranda 289
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3691 - 19/1118

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
11.01.2019

Løyve til omdisponering og delinga etter jordlova på gbnr 174/1 Totland (Seim)

Administrativt vedtak. Saknr: 034/19

Vedtak

Det vert synt til vurderinga og med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve løyve til frådeling av det omsøkte våningshuset på gnr 174 bnr 1 Totland med ein tomt på 1600 m². Det vert elles synt til avtalen om veg vatn og avløp datert 14.12. 2018 som var vedlegg til søknaden og at denne vert teken inn i skøyte.

Saksutgreiing

Gnr 174 bnr 1 søker om løyve til å dela frå hus nr 2 på eigedommen Totland i Lindås. Huset med tomt på ca 1600 m² ligg ikkje i tunet på bruket, men på andre sida av fylkesvegen. Dette huset er oppført på byrjinga av 80 talet og har til denne tid vore bustaden til søker. Det går elles fram av søknaden at dei no har pussa opp det gamle våningshuset som ligg i tunet på bruket og vil flytta inn der. Sønene er etablert på austlandet, og det er lite truleg at dei vil koma attende, og at det difor er arbeidskrevjande med vedlikehald av så pass mange bygningar. Garden har ikkje vore i sjølvstendig drift på mange år men er vorte hausta av andre.

Lov grunnlaget.

Søknad om frådeling i LNF område skal handsamast etter jordlova § 9 (bruk av dyrka og dyrkbar jord) og §12 deling og Plan og bygningsloven §20-1 (søknad om tiltak og kap. 19 (dispensasjon)

Vurderingar for at løyve kan gjevast etter jordlova:

Jordlova har til formål å sikra god forvaltning av landbruket no og i framtida. Det skal ikkje takast omsyn til private forhold på tidspunktet det vert søkt.

Søknad om deling skal vurderast etter følgjande kriteriar:



- Tenleg bruksstruktur
- Vern av arealressursane (jordvern)
- Driftmessige gode løysingar
- Drift- og miljømessige ulemper
- Busetnad

Vurderinga må og omhandla

- Har eigedomen trong for eit hus nr 2 no og i framtida? Om det er eller kan verta trong i framtida kan den ikkje frådelast.
- Om ei deling vil medføra at det kan oppstå miljømessige ulemper i framtida må ein leggja vekt på det. Dvs ligg den omsøkte bustad med tomt slik til at den ikkje vil verta plaga av landbruksdrift i området (støy, støv, lukt, sikkerheit, både dagens drift og mulig framtidig drift)
- Forholda i og rundt bustadeigedomen skal vurderast ut frå at når den er frådelt kan kven som heldst kjøpa eigedomen etter frådeling.

Vurdering:

Dette er ein mindre landbrukseigedom der arealoppgåva NIBIO er på 8 dekar fulldyrka, 10 dekar overflate dyrka 21 dekar innmarksbeite og 127 dekar produktiv skog. Av hus på eigedomen i tillegg til det som er søkt frådelt er eit eldre bustadhus som no er pussa opp og driftsbygning som er lite eigna etter dagens krav. Eigedomen har ikkje vore i sjølvstendig drift på mange år. Ut frå drifta, storleik på bruket og at drifta i overskuelg framtid kan verta av eit slikt omfang at det er trong for to våningshus kan ein ikkje sjå. Huset med tomt som vert søkt frådelt ligg slik til at ei deling vil få minimale konsekvensar for drift av eigedomen. Det ligg ikkje i nærleiken av tunet og tomten vil ikkje vera på dyrka eller dyrkbar jord og søkjar (eigar) har som vedlegg til søknaden skrive avtale om bruksrett til veg. Ein vil likevel gjera merksam på at frådelt tomt er fritt omsetteleg og det har synt seg at spesielt dette med gjerde og gjerdehald rundt frittliggjande bustader i LNF område kan skapa konflikhtar. Det vil såleis vera eit krav at den frådeltte parsellen skal ha gjerdeplikt rundt tomten.

Vedtak:

Det vert synt til vurderinga og med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve løyve til frådeling av det omsøkte våningshuset på gnr 174 bnr 1 Totland med ein tomt på 1600 m². Det vert elles synt til avtalen om veg vatn og avløp datert 14.12. 2018 som var vedlegg til søknaden og at denne vert teken inn i skøyte.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Siril Therese Sylta

Mottakarar:

Kristian Totland

Seimsstranda 289 5912

SEIM